

Nordhordland skeiseklubb  
v/leiar Atle Bergseth

## Innspel til rullering av idrettsplanar og utarbeiding av anleggsstrategi

postmottak@meland.kommune.no  
postmottak@lindas.kommune.no  
postmottak@radoy.kommune.no

## Innspel om kunstisanlegg i Knarvik

Etter ein vinter i «2018» med stor tistrøyming til naturisbaner på Fossemyra i Meland og ved Nordhordlandshallen i Knarvik er Nordhordland skeiseklubb reetablert med ein god del nyinnmeldte. Eit par av dei nye innmeldte har vore aktive skøyteleipere på nasjonalt, internasjonalt nivå og ser fram til å kunne jobbe med skøyteinteresserte barn og unge på kunstisbane i Knarvik. Treinar, leiarar står klare til å gjera ein innsats men vi har ikkje anlegg.

Det nye styret i skeiseklubben har einstemmig vedteke målsetnaden om å få bygd kunstisanlegg i Knarvik. Dei erfarne skøyeløparane står framlegget til utforming av kunstisbane; ein kombinasjon av mindre hurtigløpsbane (285m bane) i kombinasjon med stor isflate for skøyteleik, bandy, ishockey og kunstløp trening. (sjå vedlagt skisse) Storleiken på bana er utforma med tanke fleirbruk, heilårsbruk. Stor fotballbane med kunstgras, eller for annan idrett som treng tilsvarande areal. Alternativ sommarbruk, altså annan bruk enn fotball kan om ynskjeleg vera stort parkanlegg med mobile leikeapparat, bord og benker, område for basket, minigolf, skateboard o.l.

### Kommunalt og regionalt kunstisanlegg

Eit kunstisanlegg i Knarvik må bli eit kommunalt og regionalt anlegg, som bygges og drives av Alver kommune, teknisk del; medan idrettslaga står for den idrettslege aktiviteten på anlegget.

For 15 år sidan, i 2004 fekk Arbeidsgruppa for kunstisbane i Knarvik og Nordhordland ballklubb NBK utarbeidd forprosjekt for ein slik kombinert kunstisbane og kunstgrasbane i Knarvik. Liknande anlegg, kombinasjon kunstgras og kunstis, men mykje større, er bygd i Drammen, i Oslo og i Sverige. Eit tilsvarande nesten identisk anlegg med samme storleik på kunstisflate er under utbygging i Gjøvik, er fullfinansiert og vil stå ferdig komande vinter. I Fire til fem månader i året legg ein is direkte på kunstgraset; under kunstgraset er det altså kjølerøyr for islegging

### Kunstisanlegg ein stor energiressurs.

Ein viktig del av kunstisanlegget kan vera varmegjenvinning. Varmen som en fjerner for å leggja is har ved retur til kjøleanlegg og varmesentral ein temperatur på ca. 28 grader. Ved hjelp av varmpumpe forhøyer en temperaturen til 45 grader, som trenges i Nordhordlandshallen eller til 60/70 grader som treng i andre kommunale og fylkeskommunale bygg i Knarvik. Førsetnadene for etablering av kunstisanlegg i Knarvik med varmegjennvinng var i åra etter 2004 ansett som gode. I dag vil eit slikt anlegg være endå meir effektiv fordi det har vore stor utbygging av kommunale og fylkeskommunale bygg (vg.skule) området som har vannboren varme.

### Varmelevering heile året

Anlegget kan levere store mengder energi heile året, også vår, sommar og haust. Da fungerer røyr-systemet under kunstgrasbana som solfanger og kan levere det meste av den energi som trengs til produksjon av varmtvann og oppvarming av bygningane med miljøvennleg vannboren varme. Det blir ikkje kaldt på kunstgrasbana. Bare varmepumpen går ikkje kjøleanlegget i sommarhalvåret.

### Fjernvarme/ nærvarmeanlegg i Knarvik

Levering av fjernvarme frå kunstisbane er ein teknikk som m.a. er utprøvd i 25 år på Slåtthaug i Fana. Varmegjenvinning frå dette anlegget har så langt vore ein stor suksess. I Knarvik vil eit fjernvarme, nærvarmeanlegg knytt til kunstisbane vera endå meir effektivt. Olje/Gassfyring som i dag varmer opp vann for vannboren varme i kommunale og fylkeskommunale bygg i Knarvik kan då stengast av mesteparten av året. Dei få vekene vi truleg får med kulde på vinterstid, og det ikkje trengs kuldeanlegg til «produksjon av skøyteis» kobler anlegget automatisk over til noverande fyringsanlegg olje, eller gass. Energibrønner som forsyner nye Knarvik barneskule kan også koblast til fjernvarme/nærvarmeanlegget.

### Kombinasjon kunstis og symjehall

Kunstisbane og symjehall er ein glimrande kombinasjon. Varmen ein fjerner frå kunstisbane, både ved islegging om vinteren og bare ved hjelp av varmepumpe elles i året kan dumpes i stor symjehall; dermed sparer ein masse energi til oppvarming av symjehall, produksjon av varmtvann m.m. Dersom symjehall og kunstishall ligg vegg i vegg er sparer ein og relativ store kostnader til røyr mellom anlegga. Bruk av personell til kunstisbane, drift, vaktordning, betaling, utleige av utstyr som skøyter eller badetøy kan samordnast. Her er det og mykje og spare, pengar og effektivitet og arbeidskraft.

### **Kostnad kunstisanlegg og utendørs kunstgrasbane**

Byggekostander må reknast på nytt, utfrå lokale forhold. I Sverige er det bygd 30-40 kunstisbaner av denne størrelsen. Nokre til 10-15 mill. kr. For «vår» bane vil anlegget utløse rundt rekna 12 mill.kr. i statlege spillemidler. Den bør kunne byggjes for 40 mill, kr Dersom ein i tillegg får midler frå fylke, minimum 3 mill kr. og frå Enova bør totaltkostnadene for Alver kommune komme på rundt 20 mill.kr.

### *Statlige spillemidler idrettsanlegg:*

Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2018 for tildelinger i 2019

[Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2018 \(.pdf\)](#)

Se side 48

### **Is- og skøyteanlegg (kunstis) Type: Tilskudd: 2018**

- Bandybane (ute) aktivitetsflate 64 x 108 m kr 8 000 000
- **med 285 m rundløpsbane Særskilt vurdering**
- Bandy- og hurtigløpsbane kombinert (ute) bandybane 64 x 108 m  
+ 400 m rundløpsbane kr 12 000 000

Kombinasjon stor bandybane 64x108m og stor bandybane og 285 m hurtigløpsbane skøyter vil utløse ca. 9 m mill.kr. (minimum) Når det samme arealet er kunstgrasbane (64x108m) og har treningsfelt med kunstgras på 1500 m2 (som ein og får plass til i lengderetningen) får ein 2,7 mill ekstra til fotballdelen. Altså totalt nærme 12 mill.kr i statleg tilskott. Det kan i tillegg søkjast om ekstra midler frå fylket som regionalt kunstisanlegg. Ein noko mindre bane på Stord fikk 3 mill kr. ekstra frå Hordaland fylke for ein del år sidan til regionalt kunstisanlegg i Sunnhordland.

Fjernvarmedelen vil også utløse en god del midler frå Enova. (1- 4 mill kr. noko uvisst, )

## Utforming av bana

Framlegget er ei bane med stor kapasitet, eit anlegg for masseidrett, folkeidrett. Kombinert anlegg som dette er sterkt anbefalt av idrettsforskarer. Det er fleire likande anlegg m.a. i Nederland. Ulike aktivitetar tidvis kan foregå parallelt. Nokre trur at rundbane er bare er for aktive skøyteleiarar. Det er ikkje tilfelle. 95 av brukarane på rundbane er folk på alle typer skøyter som går tur på isen rundt bana. På midtfelte kan ein samtidig ha ulike leikeaktivitetar, og spel med køller, bandy eller hockey innanfor mobile vandt og evt. nettavgrensing. Bane er stor nok til aktivt bandyspel og glimrande treningsbane for hurtigløp, og lokal, regionale skøytestemner.

### Ute eller inne:

Det blei i 2004 rekna på kostnader og drift av utandørs kunstisanlegg. Dette er fremdeles mogleg og ein god løysing i Knarvik. Som på Slåtthaug i Fana vil ein nok med utandørsanlegg få dager/veker med mindre aktivitet grunna verforholda. Byggekostander til eit innandørs anlegg av tilsvarande storleik vil i Knarvik koste 60 -70 mill.kr. (erfaringstall frå Bandyhaller i Sverige) Det vil og utløyse ca. 9 mill ekstra i statlige spillemidler (tilsvarande storhall for fotball) Kommunal del av anleggskostnader truleg bli ca. 40 mill.kr. Inntekspotensialet vil bli vesentleg større og delar av driften langt billigare.

Eit innandørs kunstisanlegg er eit «lukka system». Energigevinsten, det en kan hente ut blir om lag 30% av det ein kan hente av energi frå utandørs anlegg. Men det er ein god del rimelegare å halde ein innandørs kunstisflate enn ein utandørs, heller ingen brøyting av snø. Ein kan utan store ekstrakostnader ha is 6 månader i året. Besøkstall vil dei fleste vintrar bli ein god del høgare og meir inntekt kan hentas i form av billettinntekter. For den aktive idretten, bandy, hurtigløp, kunstløp er innandørs anlegg å foretrekke. Det er og mogleg å starte med utandørsanlegg som ein så bygger tak over etter nokre år.

### Semi-covered anlegg

Mellomting, (semi-covered , halv tildekkja) mellom open og lukka anlegg (innandørs anlegg) er og mogleg. Tak, men ikkje ikkje heilt tildekkja vegger. Då får ein henta ut meir energi enn i heilt lukka anlegg samtidig med at nedbør ikkje verkar negativt inn på aktivitet. Både i Sverige og i Nederland er det bygd Semi covered anlegg som kunstisanlegg.

### Konklusjon anbefaling

Med den store interessen for skøyter som er vist i Nordhordland i ein tjuve års periode på Frekhaug og like stor interesse og tilstrøyming i Knarvik dei siste åra bør eit kunstisanlegg som her skissert stå høgt på prioriteringslista og rulleringsplanen i Alver kommune

Mvh

Atle Bergset  
leiar Nordhordland skøyteklubb.

Vedlegg:

- 1 Forprosjekt frå 2004 (Ikkje justert)
- 2 Areal til kunstisanlegg (Justert etter at det blei bygd 7-er kunstgrasbane)
- 3 Baneteikning: Kombinasjon av hurtigløpsbane 285m, stor bandybane og kunstgrasbane

